

# Medan du les

Læraren les boka for elevane, medan elevane ser bileta og teksten samstundes. Til dømes skannar du boka og viser kvar side på smartboard medan du les.

Det er viktig at elevane får ei god leseoppleving i møte med skjønnlitteratur. Å stoppe opp for mykje kan forstyrre leseopplevinga. Samstundes kan det å stoppe opp undervegs og snakke om innhaldet verke motiverande for vidare lesing. Tenk gjennom kor mykje du vil stoppe opp undervegs. Tenk også på kor lang tid du vil bruke på å lese boka. Det er fullt mogleg å lese boka over to økter viss du ønskjer å setje av litt tid. Dersom elevane blir veldig engasjerte og vil høyre heile forteljinga, kan det vere lurt å lese heile utan å stoppe for mykje.

Forslaga til spørsmål og arbeidsmåte under er meint som nettopp det, eit forslag. Eg anbefaler at læraren les høgt for elevane, og at alle elevane har ein læringspartnar som dei kan snakke med undervegs i lesinga. Stopp opp, lat elevane diskutere to og to og utveksle tankar høgt i klassen. Å få tilgang til det andre tenkjer, gjev eit løft for alle lesenivå. Fellesskapskjensla styrkjer leseforståinga.

Forslag til arbeidsmåtar og spørsmål undervegs i lesinga:

- 1) Side 1–2. Sjå på biletet og lag ein teori om kva som skjer. Kvifor skil Bomulv seg ut?  
Les deretter høgt for elevane.  
Etter lesinga: Kvifor kjenner Bomulv seg einsam? Korleis blir einsemda til Bomulv skildra, ifølgje teksten?
- 2) Sjå på bileta side 3–4: Lag ein teori om kva som skjer.  
Les høgt for elevane.  
Etter lesinga: Kvifor ønskjer Bomulv seg vekk?
- 3) Bilete s. 5–6: Kva trur du Storeulv seier til Bomulv? Kvifor er det bilete av ein jeger?  
Les høgt for elevane.  
Korleis blir menneska skildra? Kva er grunnen?
- 4) Bilete s. 7–8: Beskriv skogen. Bruk fargar til å seie noko om stemninga. Lag ein teori om kvar Bomulv reiser.
- 5) Bilete s. 9–10: Kva for nokre fargar blir brukte utanfor skogen? Kva for stemning er det utanfor skogen? Kva trur du skjer her?  
Les høgt for elevane.  
Etter lesinga: Kvifor seier Stig at Bomulv ikkje må ete han?



- 6) Bilete s. 11–12: Beskriv biletet og stemninga mellom Stig og Bomulv. Kva fargar blir brukte for å få fram stemninga?  
Les teksten høgt.  
Etter lesinga: Kva tenkjer du om at ein ulv og ein sau kan vere venner?
- 7) Bilete s. 15–16: Beskriv landskapet på biletet.  
Les høgt for elevane.  
Etter lesinga: Kva lovar Bomulv?
- 8) Bilete s. 17–18: Les teksten høgt for elevane: Kvifor seier Stig at han ikkje blir eten før han blir stor og får barn?
- 9) Bilete s. 19–20: Sjå på biletet. Kva for nokre fargar ser du på biletet? Kvifor trur du illustratøren har valt desse fargane? Kva ser du på biletet?  
Les høgt for elevane.  
Etter lesinga: Kvifor ville ikkje Stig fortelje om den andre ulveflokket?
- 10) Bilete s. 21–22: Snakk saman. Kva skjer på biletet? Kva kjem til å skje vidare?  
Les høgt for elevane.  
Etter lesinga: Kva meinte Stig med at han kunne bli lam?
- 11) Bilete s. 23–24: Sjå på biletet. Kva trur du kjem til å skje her?  
Les høgt for elevane: Kvifor stiller Bomulv seg mellom ulvane og Stig?
- 12) Bilete s. 25–26: Sjå på biletet. Kvifor har Bomulv pels i kjeften?  
Les høgt for elevane.  
Etter lesinga: Kva trur du er grunnen til at Bomulv har litt pels i kjeften?
- 13) Bilete s. 27–28: Kva skjer på biletet? Kvifor skil dei lag?  
Les høgt for elevane.  
Etter lesinga: Kva slag avtale lagar Bomulv og Stig?
- 14) Bilete s. 29–30: Kva trur du kjem til å skje når Bomulv går heim att?  
Les høgt for elevane.  
Etter lesinga: Kva vil forandre alt?
- 15) Bilete s. 31–32: Kva skjer på biletet?  
Les høgt for elevane.  
Etter lesinga: Kvifor trur du at Bomulv seier at han skal ule for alle som leitar etter ein venn?

